



Justis- og beredskapsdepartementet

Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2014/180	2017/2014	ARV	28.02.2014

BRANNSTUDIEN - HØYRINGSUTTALE FRÅ ULSTEIN KOMMUNE
SAKA GJELD: BRANNSTUDIEN - HØYRING I ULSTEIN KOMMUNE

Ulstein kommune, teknisk utval har i sak 14/28, gjort følgjande vedtak:

Vedtak i Teknisk utval, 26.02.2014:

Teknisk utval i Ulstein kommune rår ifrå at det vert sett i gong endringar i strukturen for brannvesena før der ligg føre konklusjonar frå den oppstarta kommunereforma med tanke på tal og storleik på kommunane. Blir det vesentlege samanslåingar av kommunar i dei komande åra, meiner teknisk utval at organisering av brannvesena bør sjåast i samanheng med dette.

Teknisk utval rår til at det vert arbeidd vidare med modell 2 og 3 slik dei er skildra i brannstudien. Begge modellane kan vere mogelege å realisere i vår region. Dette med tanke på geografi, lokalkunnskap, nærleik til brukarane, demokratisk påverknad osv. Men teknisk utval ser at der kan vere ei overvekt av grunnar som talar for modell 2 ut frå Ulstein kommune sin ståstad viss det skal gjerast endringar.


Teknisk utval kan ikkje sjå at modell 1 med fylkesvise brannvesen er særleg føremålstenleg for dei fleste fylka på Vestlandet, Midt-Noreg og Nord-Noreg. Det vil bli for stor geografisk avstand mellom dei einskilte stasjonane og leiinga, avstanden frå dei deltidstilsette mannskapa til den overordna leiinga vil bli for stor, den demokratiske innverknaden vil bli minimal, den einskilte kommune vil ha liten innverknad på økonomien i ein så stor organisasjon, og i område med mange stasjonar og deltidstilsette vil det verte behov for mange leiarar som må ta seg den daglege drifta. Desse vil få stor geografisk og organisatorisk avstand til den overordna leiinga og kunne ha avgrensa mynde. Utfordringane med å få implementert læring, analyse og utvikling i store organisasjonar med mange titals brannstasjonar og mange hundre deltidstilsette i beredskapen vil vere ei formidabel utfordring.

Teknisk utval vil også peike på at ein gjennom samarbeidsavtalar, bistandsavtalar, regionale samarbeidsfora og ved opplæring og informasjon frå sentrale mynde kan oppnå god kompetanseutvikling og læring utan samanslåingar av brannvesen. Dessutan bør dei større brannvesena i alle høve kunne vere drivarar i regional samanheng innafor desse tema sjølv om ein ikkje slår saman brannvesena til større einingar.

Handsaming:

Tilrådinga frå kommunalsjef teknisk vart vedteken med 6 mot 0 røyster.

Med helsing



Arne Runar Vik
Kommunalsjef teknisk / brannsjef

Vedlegg:

- Saksframlegg datert 15.02.2014